

# **NRK** Nynorsk mediesenter

Status per 25.06.2013



## Vi er stolte og glade

Dei siste vekene har det strøymt på med godt nytt om tidlegare nynorskpraktikantar. Ragnhild Bjørge er nett tilsett som språksjef i NRK og Christian Wiik Gjerde, programleiar i Superblokkja i NRK P1, får Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2013.

Når vi rundar 1. juli har vi sendt frå oss 90 nynorskpraktikantar og heile 78 % av dei arbeider i media. - Det er lenge sidan prosenten for «måloppnåing» har vore så høg, seier Magni Øvrebotten, leiar for NRK Nynorsk mediesenter.

- Vi som arbeider her er som foreldre, vi fylgjer med dei vi sender frå oss og vil deira beste. Når det buttar mot prøver vi å hjelpe, like eins når dei treng råd om jobbar og val mellom journalistikken og andre yrke. Talenta prøver vi å få til dei redaksjonane dei høver best i, og vi tipsar leiarar om gode nynorskbrukande journalistar. Vi veit vi har lært opp mange dyktige folk, og vert sjølvsagt stolte og glade når andre også ser dei, seier Magni Øvrebotten.

## Ragnhild Bjørge språksjef i NRK



Ragnhild Bjørge (Foto: Nina Didriksen/NRK)

NRK har tilsett Ragnhild Bjørge (36) som språksjef. Det er ei ny stilling etter omlegginga av språkarbeidet i NRK. Ragnhild Bjørge byrja i NRK som nynorskpraktikant i 2007, og har etterpå arbeidd ved to distriktskontor, men mest i Dagsnytt, som journalist, planleggar, programleiar og vaksjef. Ho har master i nynorsk skriftkultur, mellomfag i statsvitskap og bakgrunn frå målrørsla.

- Eg gler meg mykje til å bygge opp jobben som språksjef i NRK. Eg brenn for godt språk og god språkrøkt, seier Ragnhild Bjørge. Ho meiner det er viktig at både leiarar og medarbeidarar er engasjerte i språkbruken i NRK. – Det gjeld både kva som er rett språk og ikkje, men det handlar også om å frigjere seg frå kjeldespråket. Eg meiner det er ein styrke at NRK har gjeve rom for meir bruk av dialekt, seier Bjørge. Ho har i fleire år vore språkkontakt i nyhendeavdelinga i NRK.

Det var 27 søkjarar til stillinga som språksjef i NRK og Ragnhild Bjørge fekk ho i sterk konkurranse med mange svært kvalifiserte søkjarar, opplyser distriktsredaktør Grethe Gynnild Johnsen. Det er ho og nyhenderedaktør Per Arne Kalbakk som har tilsett. Kalbakk er også leiar for språkutvalet i NRK, og det er kringkastingssjefen som skal avgjere kven av dei språksjefen skal sortere under.

– Ragnhild Bjørge er fagleg sterk og engasjert. Eg trur ho vil skape merksemd og entusiasme kring språk både i og utanfor NRK. Ho skal organisere språkarbeidet i NRK i samarbeid med språkstyret og finne gode løysingar for språkrøkt i alle redaksjonane i NRK, over heile landet, seier distriktsredaktør Grethe Gynnild Johnsen i ei pressemelding. Bjørge byrjar i jobben seinhaustes.

## Nynorskpris til Christian Wiik Gjerde i Superblokka



Christian Wiik Gjerde saman med born i Superblokka (Foto: Anne Liv Ekroll/NRK)

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar går i 2013 til programleiar Christian Wiik Gjerde (32). Han får prisen for god bruk av dialekt og nynorsk i notidas barnetime, Superblokka i NRK P1. Gjerde byrja i NRK som nynorskpraktikant i 2011.

- Det er ikkje alltid journalistar tek barn på alvor når dei skal lage reportasjar med ord frå barnemunn, ofte kan det virke viktigare å få ein artig kommentar enn å få vite kva barnet tenkjer og meiner. I Superblokka tek Christian Wiik Gjerde borna på alvor på ein heilt annan måte. Det krev ikkje berre forståing for og erfaring med barn, men også journalistisk teft og kløkt. Han møter dei venleg, ope og med respekt, og byr gjerne på seg sjølv og eigne opplevingar. Det blir det gode samtalar og god radio av, seier juryen i grunngjevinga for prisen. Dei rosar også NRK Super for meir bruk av dialekt dei seinare åra.

- Eg er utruleg glad, dette er heilt herleg! Dialekten min og nynorsken, er identiteten min.



Språket mitt er Christian, og det er heilt uaktuelt for meg å ”pynte på” det. Nynorsk er for meg verdas vakraste og rikaste språk! Eg snakkar norsk, det er klart dei forstår meg! I motsetning til mange vaksne har ikkje barn fordømar mot nye ord. Om vi skal skåne folk frå ein dialekt fordi vi er redd for at barn ikkje forstår, misser vi til slutt språket og forståinga. Barn forstår langt meir enn vi trur. Språk og dialekt er ein kulturarv som skaper identitet for barna våre, seier Christian Wiik Gjerde.

I juryen er NRK-journalist Gry Molvær leiar. Ho har med seg Tom Hetland, kommentator i Stavanger Aftenblad og forfattar Olaug Nilssen. Prisen er på 50.000 kroner og eit kunstverk, og vert delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta 28. juni

## Hanne Våge: - Nynorsk mediesenter gav meg bein å stå



Frå venstre: Vegard Tjørhom, Adalheidur Oldeide, Inger Johanne Ruset, Hanne Våge og Trond Espen Bjoland (Foto: Randi Indrebø/NRK)

Kull 18 byrja på opplæringa rett over nyttår og 1. juli er dei ferdige som nynorskpraktikantar.

Vegard Tjørhom (1987) har ekstern praksis i utanriksavdelinga i NRK og held fram som tilkallingsvikar der. Adalheidur Oldeide (1988) er i Dagsnytt, men NRK Sogn og Fjordane var fyrst ute med å tilby henne sommarjobb.

Inger Johanne Ruset (1985) har praksis i NRK Møre og Romsdal og held fram som sommarvikar. Hanne Våge (1992) har praksis i P3nyhenda på Tyholt og har fått sommarjobb i «Her og nå» etterpå. Trond Espen Bjoland (1993) har praksis i NRK Hordaland og har fått tilbod om sommarjobb der.

Her summerer dei opp tida som nynorskpraktikantar:

### Hanne Våge:

*- Eg hadde aldri trudd eg kunne lære så mykje, på så kort tid. Men mi tid ved Nynorsk Mediesenter har bevist at alt er mogleg, berre ein vil det nok. På eit halvt år har eg lært korleis du nærmar seg eit intervjuobjekt, korleis du byggjer opp ein radioreportasje, og*

*korleis du redigerer TV-innslag. Før eg fekk jobben som nynorskpraktikant var eg skulelei og motlaus, men no har eg fått lærelysta tilbake og føler meg nærast som eit nytt menneske.*

*Samstundes er det fint å vite at eg har eit kraftteam i ryggen som passar på meg. Eg veit eg ikkje er ferdig utlært journalist enno, men føler eg har mykje meir å stille med no, enn kva eg hadde då eg kom til Førde. Nynorsk mediesenter har gitt meg bein å stå på!*

### **Vegard Tjørhom:**

*- Å jobbe i NRK Utanriks har vore ein liten draum eg har hatt lenge. Det har vore ein fjern draum, men likevel eit mål for meg i ei eventuell journalistkarriere. No har eg kome dit. Til målet, som er blitt omgjort til eit delmål. Så no er det berre å halde fram, jobbe godt, vere engasjert og vise at eg brenn for noko. Vise at eg har ein djupare tanke med journalistyrket enn berre å rapportere om prinsessebryllaup og realitydeltakarar.*

*Å få jobbe saman med sine store førebilete er fantastisk. Eg nyt kvar dag på jobb og gjer det eg kan for å suge til meg kunnskapen og erfaringa som er å finne i utanriksavdelinga og på Marienlyst.*

### **Adalheidur Oldeide:**

*- Det er nesten seks månadar sidan eg byrja som nynorskpraktikant, og ikkje ein dag har vore vekkasta. Det er nesten utruleg å tenkje på kor mykje eg har lært på så kort tid.*

*Internpraksisen i Førde førebudde meg godt på praksisen eg har hatt i Dagsnytt. Her har eg fått mykje tillit, noko som kan vera skummelt, men det gjeld å gripe alle sjansar ein får.*

*Tida som nynorskpraktikant har vore intens, men veldig kjekk, og den har overtydd meg om at det er dette eg vil. Journalist må verkeleg vera den kjekkaste jobben ein kan ha!*

### **Trond Espen Bjoland:**

*- Eg er veldig glad for at eg søkte, og kom inn på Nynorsk mediesenter. Den praktiske undervisninga passar meg bra, og eg har på kort tid lært veldig mykje. Under praksistida i Førde fekk vi prøve oss på alle plattformer, og lagde saker til både TV, radio og nett.*

*Det var nettartiklar eg likte best å jobbe med, og derfor er eg glad for at det er dette eg har jobba mest med i NRK Hordaland. I Hordaland har eg blitt tatt godt i mot, og har mellom anna arbeidd med saker som interesserer meg, til dømes fotball og musikk. Uansett om eg får eit liv i journalistikken eller ikkje, er lærdommen og erfaringane frå Førde gode å ha med vidare i livet.*

### **Inger Johanne Ruset:**

*- Det er heilt utruleg å tenkje på kor mykje eg har lært i løpet av tida som nynorskpraktikant. Sjølv om eg framleis har mykje att å lære, kan eg likevel sjå tilbake og humre over kor uhorveleg hjelpelaus eg var i starten.*

*At eg har hatt ein så tydeleg framgong gjennom heile perioden kan eg takke gode lærarar, foredragshaldarar, medpraktikantar og praksisplassar for. Nynorsk mediesenter er - frå byrjing til slutt - eit heilt fantastisk opplegg.*

## Her er kull 19



Frå venstre: Tale Hauso, Eirik Hildal, Britt Kristin Ese, Lars Ivar Nordal og Idun Fivelstad (Foto: Randi Indrebø/NRK)

Det var 35 søkjarar til det nittande kullet med nynorskpraktikantar, og vi tok inn ein operasongar, to lærarar, ein vitskapleg assistent og ein student/prosjektleiar. Dei kjem frå Odda og Stord i Hordaland, Jostedalen i Sogn, Volda og Rindal i Møre og Romsdal.

Kull 19 byrjar på opplæringa i Førde 19. august:

**Tale Hauso** (1991), Odda i Hordaland. Studerer samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen og arbeider deltid som prosjektkoordinator i Fiskeriforum Vest. Ho er prosjektleiar for «Vestlandets fellesstand» på Aqua Nor, har ansvaret for å oppdatere nettstaden deira med nyhende. Hauso har vore omvisar på Norsk Vasskraft- og industristadmuseum i Odda.


**Eirik Hildal** (1985), Stord i Hordaland. Master i statsvitskap frå Universitetet i Oslo. Masteroppgåva handla om den ideologiske utviklinga i Framstegspartiet frå starten av 1990-talet til i dag. Bachelor i samanliknande politikk og har arbeidd i KS i Hordaland. Han er vitskapleg assistent ved Universitetet i Oslo der han er med i tre forskingsprosjekt, som alle handlar om norsk partipolitikk.

**Britt Kristin Ese** (1985), Jostedalen i Sogn. Lektor ved U.Pihl vidaregåande skule i Bergen. Allmennlærerutdanning frå Høgskulen i Sogn og Fjordane, master i nordisk språk og litteratur ved Universitet i Bergen, og har studert engelsk, kunsthistorie og praktisk informasjonsarbeid.

**Lars Ivar Nordal** (1986), Volda i Møre og Romsdal. Snart ferdig med Diplom Operngesang ved Hochschule Fur Musik i Berlin. Bachelor i musikk ved Griegakademiet I, Bergen, og studiar i tysk og fransk ved Høgskulen i Østfold. Nordal har vore tunassistent i Aasentunet i Ørsta og digitalisert avisa Fedraheimen for Nynorsk kultursentrum. Både i fjor og i år har han sommarjobb i lokalavisa Møre-Nytt.

**Idun Fivelstad** (1987), Rindal på Nordmøre. Lektor ved Rindal skule. Master i nordisk språk ved NTNU i Trondheim, masteroppgåva handla om talemålet i Rindal. I studietida arbeidde ho fire år i studentradioen Radio Revolt, som kulturredaktør, journalist og litteraturkritikar. Fivelstad har elles vore omvisar ved Rindal bygdemuseum, engelsklærer og reiseleiar for STS Education.

## Fire kvinner på Nynorsk avissenter



(Faksimile av nettsida til Nynorsk Avissenter. Øvst frå venstre: Marit Brennset, Ina Eirin Eliassen, Kristine M. Stensland og Thea Idsøe)

Vi samarbeidde med Nynorsk avissenter om opptaka denne våren, då nokre av søkjarane hadde søkt begge stader. Nynorsk avissenter skal lære opp nynorskbrukande journalistar for avis og nett. Der kom det inn fire kvinner, frå Hallingdal, Jæren, Sunnhordland og Sogn.

Dette vert fyrste kullet i Nynorsk avissenter, med Arve Sandal som prosjektleiar i tett samarbeid med lokalavisa Firda i Førde, den største nynorskavisa i verda. Bak Nynorsk avissenter står Amedia, Vinjefondet og Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane.

19. august byrjar altså det fyrste kullet i Nynorsk avissenter og det nittande i NRK Nynorsk mediesenter, og vi kjem til å samarbeide der det er naturleg og mogeleg.

## Ny faglærer i NRK Nynorsk mediesenter

Terje Gilleshammer (35) blir ny faglærer frå hausten av. Han tek over etter Tone Lin Støfring Skovro, som alt er attende som journalist i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane.

Gilleshammer har vore journalist i NRK Sogn og Fjordane sidan 2004 og mellom dei tre år som vaktshjef for radio og fjernsyn. Han er utdanna innan internasjonal marknadsføring.



Terje Gilleshammer (Foto: Randi Indrebø/NRK)



- Eg likar å fortelje historier som er viktige for folk. Historiene kan vere til både glede og forarging, om nokon som gjer ein viktig innsats eller om noko som er urettferdig. Uansett har vi som journalistar eit ansvar for å løfte fram desse historiene, seier Terje Gilleshammer.

Åra som vaksjef gav han røynsle med å rettleie og hjelpe fram unge journalistar og ha med nynorskpraktikantane å gjere.

- Både som vaksjef og reporter har eg sett korleis rettleiing kan få unge journalistar til å finne den nødvendige drivkrafta og engasjementet. Eg har også sett korleis praktikantane frå Nynorsk mediesenter endar opp som gode journalistar, seier Gilleshammer.

Magni Øvrebotten er nøgd med «vekselbruket» mellom mediesenteret og NRK Sogn og Fjordane når det gjeld faglærarar. – Tone Lin var med på opplæringa av sju kull og ynskte seg attende til redaksjonen på heiltid, og Terje var motivert for å vere lærar ei stund. Randi Indrebø held heldigvis fram i Nynorsk mediesenter, og på den måten får vi ei god blanding av fornying og røynsle, seier Øvrebotten.

## Tre i Reiseradioen



Redaksjonen til Reiseradioen i 2013, Karl Kristian Langeland og Birte Njøsén Horne sit heilt framme (Foto/NRK)

I sommar skal tre tidlegare nynorskpraktikantar vere med å prege Reiseradioen. Det er Ingunn Thon, Karl Kristian Langeland og Birte Njøsén Horne. Dei meiner dei har fått «tidenes sommarjobb»!

**Birte Njøsén Horne** (28), er ein av vaksjefane i Reiseradioen i sommar. Ho var praktikant på



det andre kullet med nynorskpraktikantar i 2005 og er fast tilsett i underhaldningsavdelinga. Horne skal halde styr på alle programleiarane og reporterane og vere med å bestemme kva dei skal bry seg med rundt om i landet. Sendingane skal dei avvikle via breiband.

**Karl Kristian Langeland** (29) var praktikant på kull 13 og skal vere programleiar i Reiseradioen i sommar, med nokre reportervakter.

- Det er litt skummelt å skulle jobbe i eit program som har så sterke tradisjonar og som folk flest har eit forhold til, men du verda som eg gler meg, seier Langeland.

Målet for Reiseradioen er å skape god sommarstemning. Det trur Karl Kristian Langeland skal gå greitt. - Planen min er å skape god og sommarleg stemning til det norske folk sjølv om det skulle hølje ned og vere grått og trist der dei er. Heldigvis skal eg ikkje gjere dette aleine, men saman med veldig flinke og røynde programleiarar i NRK-systemet.

Langeland er glad for alt han har lært i Førde. – Det er fint å ha med seg to års røynsle med programleieing frå NRK Sogn og Fjordane, og den hadde eg ikkje hatt utan at eg fyrste fekk sjansen i Nynorsk mediesenter.

- Eg både gler og guar meg. Mine to favorittkjensler! seier **Ingunn Thon** (27) som gjekk på det tiande kullet med nynorskpraktikantar. Thon er fast tilsett i NRK Super, der ho har vore programleiar og ikkje minst spelt rolla som høna Turid. For henne blir det ekstra spennande å komme tilbake til radioen.

- Eg har nesten ikkje jobba med radio sidan eg var nynorskpraktikant, men eg har sakna det meir enn bugg med colasmak, ler Thon



Ingunn Thon (Foto/NRK)

Sommarsatsinga til NRK, både Reiseradioen og Sommeråpent på Tv, skal streamast på [nrk.no/sommer](http://nrk.no/sommer). Via nettsidene skal ein kunne kommunisere med programma og sende inn tekst og bilete, også under sending.

Sendingane frå Reiseradioen vil vere tilgjengelege på alle plattformer, inkludert smarttelefonar og nettbrett. Dermed kan publikum få med seg programmet frå både hytter, campingvogner, båtar og telt.



## Sommarjobb som frontsjef i VG Nett

Mellom andre utfordrande sommarjobbar denne sommaren er Ivar Folkedal (29) sin som frontsjef på VG Nett, den største nettsida i landet. Han er fast tilsett som vaksjef i Egemont Hjemmet Mortensen forlag og har permisjon derifrå. Han var nynorskpraktikant på kull 7, i 2007/08, og har seinare arbeidd både i NRK.no og P4.

## Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Når vi rundar 01. juli 2013 har vi sendt frå oss 90 nynorskpraktikantar, og 78 % av dei har heil- eller deltidsarbeid i media. 66 av dei 90 arbeider i NRK. Totalt har 28 fast arbeid i media, 22 av dei i NRK.

I NRK er det tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram og på nettet. Til dømes i Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Kulturnytt, NRK Super, Reiseradioen, NRK.no og ved distriktkontora i Telemark, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Trøndelag og Nordland.

Det er tidlegare nynorskpraktikantar i aviser som Drammens Tidende, Telemarksavisa og Møre-Nytt, i P5 og videoselskap, og informasjonsfolk mellom anna innan skatt, kunst og fortidsminne. Ein av dei som gjekk på fyrste kullet i 2004/05 er i dag leiar for Språkåret. Om lag 20 har funne seg andre yrke.

Av plassomsyn tek vi berre med dei fem siste kulla i statusrapportane. Du finn alle kulla på nettsida [www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no). Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei arbeider, så sant dei hugsar å melde frå sjølve.

### Kull 17 – 20. 08. 2012 til 28. 02. 2013



Kjersti **Hetland** (1985) har sommarjobb i NRK Dagsrevyen, Marte **Halsør** (1988) like eins i NRK Dagsnytt, Stine Kyrkjebø **Johansen** (1990) er vikar i NRK Sogn og Fjordane. Jon **Bolstad** (1987) er sommarvikar i NRK Hordaland og Tale **Høyem** (1990) har sommarjobb i P3nyhenda/Her og Nå på Tyholt.

### Kull 16 – 03.01. til 30.06.2012



Hans-Olav **Rise** (1991) er vikar i NRK Møre og Romsdal, Ingunn **Rauk** (1983) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt. Raymond **Lidal** (1986) er frilansar for NRK frå Jemen. Katrine **Nybø** (1986) er vikar i NRK Dagsnytt og Wilhelm **Støylen** (1980) har sommarjobb i NRK Møre og Romsdal.

**Kull 15 – 22. 08. 2011 til 29. 02. 2012.**



Sondre **Dalaker** (1992) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, Agnese **Bremere** (1988) er student i Danmark, Susanne **Egset** (1989) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt og NRK.no. Maria Pile **Svåsand** (1986) er vikar i magasinredaksjonen i NRK P2 som lagar Kulturnytt og Dagsnytt 18. Lars Erik **Andreassen** (1991) er har sommarjobb som produsent i P3 på Tyholt.

**Kull 14 – 03.01. – 30.06. 2011**



Jonas Sætre (1986) er vikar i NRK.no. Ingrid Brandal **Myklebust** (1986) har sommarjobb i NRK Sporten, Ingvild **Nave** (1990) er sommarvikar i NRK Hordaland. Gry Brekke **Hustveit** (1983) er tilkallingsvikar på fleirkamerafoto i NRK og Christian Wiik **Gjerde** (1981) er programleiar i Superblokka i NRK P1. Han får Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2013.

**Kull 13 – 23.08.2010 – 28.02.2011**



Vegard Troøyen **Foseide** (1984) er informasjonskonsulent i Changemaker. Hans Henrik **Løken** (1988) er vikar i NRK Sporten, Hilde **Zahl** (1982) er sommarvikar Kveldsåpent og Norgesglaset i NRK P1. Karl Kristian **Langeland** (1984) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, i sommar skal han vere programleiar/reporter i Reiseradioen. Hans Kristen **Hyrve** (1985) er vikar i RadioSelskapet, i NRK P2

## Visjon og verdiar

### ”Stolt nynorsk”

er visjonen til NRK Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreiding av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio, fjernsyn og Internett.

NRK Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie- og samfunnsdebatten.

### ”Dyktig – frodig – framfus”

Dette er verdiane NRK Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at dyktig vert omdømet til NRK Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein frodig tradisjon som NRK Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere dyktig for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa. Han må vere litt framfus i den positive tydinga av ordet: våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

---

#### POSTADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter  
Postboks 100,  
6801 Førde

#### BESØKSADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter,  
NRK Sogn og Fjordane  
Prestebøen 2,  
6800 Førde

#### ELEFON:

Leiar : 57 72 42 30  
Faglærarar : 57 72 42 74  
Sentralbord: 57 72 42 42  
Telefaks: 57 72 42 75

#### E-POST:

[nynorskmediesenter@nrk.no](mailto:nynorskmediesenter@nrk.no)

#### NETT:

[www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no)